



Kåre Landsvik
Landsvik 38
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1536 - 16/14710

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
18.07.2016

Løyvingsbrev Gbnr. 51/10 SMIL 2016 - tilskot til gjerding

Administrativt vedtak. Saknr: 249/2016

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 27.05.2016.

Meland kommune vart for 2016 løyvd kr 170.000 i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i 2016 ein ny SMIL-strategi for 2016-2019 med prioriteringar og satsar for kostnader. Søknadsfrist var 01.juni 2016. Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 15 søknader, m.a. frå Kåre Landsvik for Gnr. 51. bnr. 10.

Kåre Landsvik har søkt om tilskott til: gjerding.

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har ikkje registrert viktige miljøverdiar på arealet.

Vedlegg til søknaden som er levert:

- Kart over tiltaket

Bruket har eit jordbruksareal på 29,1 daa, 115,1 daa skog og 37,9 daa anna areal. Driftsforma på bruket er sauehald.

Kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet. Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samheng og byggje vidare på tiltak som allereie er i gong,

t.d. beiteprosjekt, gamle turvegar m.m. Nyetablerte kan prioriterast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

Overordna prioriteringar:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe middel skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.
2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
3. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket ble i 2015 revidert. Det ble i ettertid utarbeid eit nytt rundskriv til den reviderte forskrifta. Søknadanevert sett i samanheng med det Regionale miljøprogrammet for Hordaland (RMP). Ved årets tildeling av SMIL-midlar har administrasjonen redusert den generelle tilskotssatsen noko for å kunne få gjennomført fleire gode prosjekt da vi har fått løyvd mindre midlar enn tidligare år.

Vurdering:

Prioritering totalt sett: 10

Det omsøkte tiltaket ligg nært driftsenter og vil vere synleg frå turveg. Tiltaket vil auke beitepresset på delar av arealene og vil vere eit godt tiltak for å sikra god landskapsskjøtsel. Tiltaket er viktig for å sikra at søkjar har ilgang til gode beiter. Arealet er i dag beita og har godt potensiale som beite vidare.

Reknestykket vert slik:

Tiltak	Mengde	Einingskostnad	Kostnad kr	Tilskots %	Tilskot kr
Gjerding synt på kart					
Gjerding, meter	111	60	6660		
Sum			6660	50	3300*

*Avrunda til nærmaste 100.

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlovas §§ 8-12 og ut i frå den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdier på Landsvik. Administrasjonen har vurdert det slik at tiltaket ikkje er i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf. §§ 8-12).

Vedtak

”Meland kommune løyver 3 300 kr i tilskot til Kåre Landsvik på Gnr. 51 bnr. 10. Løyvinga er eit eingongstilskot. Vedtaket har heimel i §§ 5 og 8 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Løyvinga vert gitt på følgjande vilkår:

Generelle vilkår:

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå løyving: 01.10.2019.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein måned før oppsett frist går ut.
- Søkjar har forplikta seg i høve til ein rekkje punkt ved underskrift av søknadsskjema, jf. punkt 5 i søknadsskjema.
- Løyving av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjend i høve til anna regelverk. Det er difor viktig at søkjar før gjennomføring av tiltak gjer seg kjend med aktuelle lover og forskrifter.

Særskilde vilkår – beite:

Omsøkt areal bør nyttast til beite/slått i inntil 10 år etter at tiltaket er gjennomført. Kommunen minner om at det på gamal kulturmark ikkje bør oppgjødselast eller nyttast fullgjødsel. Dette er viktig for å ta vare på breidda av det stadeigne arts mangfaldet. Ved gjerding skal gjerdet ha ein 4 mm overstreng og bendsel mellom kvar stolpe, det vert i tillegg sett krav om at det er understreng ved hald av småfe, og tilrådd ved hald av andre beitedyr, for å sikre god stabilitet og lengre levetid.

Regional kulturminneforvaltning:

Kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, skal handsamst særskild. Regional kulturminneforvaltning må kontaktast ved t.d. istandsetting av freda bygning eller skjøtsel kring ein automatisk freda gravhaug, dersom dette går ut over tradisjonell bruk av området til slått eller beiting.

Utbetaling av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist:

- Tilskot vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskot når tilsvarande mengd arbeid er utført.
- Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskap er godkjend av kommunen.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, faktura og foto. Meland kommune har utarbeidd skjema til dette.
- Til utbetaling vil konto som oppgjeve på søknaden verte nytta. Søkjar plikter å informere skriftleg om endringar.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned før.

Kontroll:

Kommunen kan kontrollere at arbeid er gjort som omsøkt, jf § 9. Sakshandsamar hos Fylkesmannen kan også synfare tiltak. Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen kan krevje naudsynte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

Omgjering av vedtak:

Kommunen kan omgjere vedtak om løyvd tilskot dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for løyvinga eller tilskotsordninga, jf. § 10. Kommunen minner om at løyvd tilskot kan trekkjast attende, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga. ”

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

SMIL-søknad 2016 signert Gbnr. 51-10

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

Mottakere:

Kåre Landsvik

Landsvik 38

5918

FREKHAUG